



Karen og Christen Hella  
Bønesheiane 124  
5154 BØNES

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/5767 - 14/26578

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:  
02.12.2014

## Utsleppsløyve for 2 fritidsbustadar - gbnr 84/11 og gbnr 84/12 Kvalvånes.

**Administrativt vedtak. Saknr: 377/14**

**Tiltakshavar:** Karen og Christer Hella  
Nils Kvalvånes

**Ansvarleg søkjer:**

**Type utslepp :** Sanitært avløpsvatn med utslepp mindre enn 50 pe

**Søknadstype:** Forureiningslova § 11, jf. forureiningsforskrifta § 12-5

### SAKSUTGREIING:

#### Tiltak

Saka gjeld søknad om utsleppsløyve for 2 eksisterande fritidsbustadar på gbnr 84/11 og gbnr 84/12. Utsleppet skal reinast i biologisk/kjemisk reinseanlegg av typen Biovac før det vert ført vidare i rør til eksisterande jordbruksgrøft som går til vassdrag/sjø. Sjølve reinseanlegget skal plasserast på hovudbruket gbnr 84/4.

Det er søkt om utsleppsløyve for kvar eigedom for seg, men administrasjonen har funne det føremålstenleg å handsama sakene under eitt då eigedomane skal ha felles reinseanlegg.

Utsleppet sin storleik er opplyst til 2 pe per fritidsbustad, totalt 5 pe.

Det vert elles vist til søknadar mottatt 07.07.2014 supplert 22.08.2014.

#### Planstatus

Eigedomen ligg i område som vert omfatta av Kommuneplan 2003. Området er avsett til LNF-føremål. Ny kommunedelplan for området er under arbeid. Tidspunkt for ferdigstilling er usikkert. Eigedomane grensar i sørvest til gbnr 84/1 som er sikra til friluftsføremål. Sjølve anlegget ligg i sin heilskap utanfor dette området, men det reinsa avlaupet frå anlegget skal førast til jordbruksgrøft som drenerer til vassdrag/sjø innanfor det sikra friluftsområdet.



Omsøkte tiltak er avhengig av dispensasjon frå arealdelen i Kommuneplan 2003 og forbodet mot bygging i 100-metersbeltet, pbl § 1-8, for å kunne godkjennast.

#### **Nabovarsel**

Tiltaket er nabovarsla. Det ligg ikkje føre merknader.

#### **Plassering**

Plassering og utsleppsstad er vist på kart mottatt 22.08.2014.

#### **Reinseløysing**

Det skal nyttast biologisk/kjemisk reinseanlegg av typen Biovac. Anlegget tilfredsstillar NS-EN-12566-3. Reinsegrada er oppgitt til 90 % reduksjon av fosfor og 90 % reduksjon av BOF5, dvs som for utsleppsstad i følsamt/normalt område med brukarinteresser.

#### **Drift og vedlikehald**

Det ligg ikkje føre serviceavtale.

Det er eit vilkår for utsleppsløyvet at eigar inngår serviceavtale for drift og vedlikehald av anlegget, jf forureiningsforskrifta § 12-13.

#### **Privatrettslege tilhøve**

Anlegget skal plasserast hovudbruket gbnr 84/4. Det ligg føre avtale om at eigedomane kan plassera avlaupsanlegg på eigedomen.

#### **Godkjenning etter anna lovverk**

Det er gitt løyve til dispensasjon og etablering av tiltaket etter plan- og bygningslova i vedtak datert 02.12.2014.

#### **VURDERING**

Omsøkte utslepp ligg i område med særskilde friluftinteresser. Eigedomane søknaden gjeld grensar inntil det området som er statleg sikra til friluftsføremål. Avlaupsløysinga det er søkt om stettar strengast krav i forskrifta, dvs som for utsleppsstad i normalt/følsamt område med brukarinteresser.

Kommunen har sjekka det aktuelle arealet i [www.naturbasen.no](http://www.naturbasen.no). Kommunen vurderer at det omsøkte tiltaket ikkje kjem i konflikt med naturmangfaldslova og dei interesser den skal ivareta.

Søknad om utsleppsløyve kan etter kommunen sin vurdering godkjennast slik den ligg føre med krav til at det vert dokumentert at det er inngått serviceavtale for drift og vedlikehald av anlegget før det vert gitt bruksløyve/ferdigattest.

#### **VEDTAK:**

**Med heimel i forureiningslova § 11, forureiningsforskrifta §§ 12-3 og 12-5 vert det gjeve utsleppsløyve for for 2 fritidsbustadar i samsvar med søknad mottatt 07.07.2014, supplert 22.08.2014, og på følgjande vilkår:**

- 1. Avlaupet skal reinsast i biologisk/kjemisk reinseanlegg av typen Biovac før avlaupet vert ført i tett leidning til jordbruksgrøft.**
- 2. Anlegget skal plasserast slik vist på kart mottatt 22.08.2014.**

3. Reinseanlegget skal plasserast slik at det kan driftast og velikehaldast av godkjend føretak.
4. Det skal dokumeterast at det er inngått serviceavtale for drift og vedlikehald av anlegget før det vert gjeve mellombels bruksløyve/ferdigattest.
5. Eigedomen skal knytast til offentleg godkjend avlaupsleidning eller anna fellesleidning dersom slike vert ført fram til området og kommunen set krav om det.

### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høvet til å klaga på vedtaket vera nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

### **Ansvar**

Anleggseigar er ansvarleg for at alt arbeid følgjer føresegner gjeve i eller i medhald av forureiningslova og plan- og bygningslova. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner, gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter forureiningslova inneberer ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve.

### **Bortfall av løyve**

Er arbeidet med etablering av avløpsanlegget ikkje sett i verk innan tre år etter at løyve er gitt, eller dersom arbeidet vert innstilt i lengre tid enn to år, fell retten til å etablere utsleppet vekk. Om utslepp framleis er aktuelt må ny søknad sendast inn, jf. forureiningsforskrifta § 12-5, fjerde ledd.

### **Ferdigstilling**

Når arbeidet med etablering av avløpsanlegget er ferdigstilt skal den ansvarlege for arbeidet skriftleg melda i frå til kommunen at anlegget er etablert og arbeidet utført i samsvar med dette løyvet. Samstundes skal det sendast inn stadfesting for montering frå det føretaket som har levert anlegget, og serviceavtale for drift og vedlikehald.

Plassering av anlegg, samt leidningsanlegg med kummar, knekkpunkt og utsleppspunkt skal innmålast og koordinatar skal sendast kommunen, seinast ved førespurnad om mellombels bruksløyve/ferdigattest.

Anlegget eller nokon del av det kan ikkje takast i bruk før det ligg føre mellombels bruksløyve eller ferdigattest etter plan- og bygningslova.

### **Tilsyn, endring og opphør av løyvet**

Kommunen er forureiningsstyresmak og fører tilsyn med at føresegner, lovverk og vedtak fatta i tråd med forureiningsforskrifta kapittel 12 vert følgd. Forureiningsstyresmakta har rett og plikt til å utføra tilsyn med avlaupsanlegga. Tilsynet vil kunna omfatta kontroll av anlegget si yting/funksjon og kontroll av kvalitet på utført service og vedlikehald. Eigar av anlegget må dekkja kostnader knytt til tilsyn og kontroll, jf. forureiningslova kap.7.

Om utsleppet fører til uventa forureiningsproblem, kan forureiningsstyresmakta oppheve eller endre vilkåra i utsleppsløyvet, sette nye vilkår og om naudsynt kalle tilbake løyvet i samsvar med forureiningslova § 18, jf. forureiningsforskrifta § 12-14.

